

Atle Døssland

Sosiale grupper i det gamle bondesamfunnet



HØGSKULEN I VOLDA



MØREFORSKING

2009

Forfattar	Atle Døssland
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Hi 204 Lokalhistorie teoripensum. Leksjon 6.1, utlagt 4. oktober 2006.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegner i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Innhald

Innleiing	4
1. Bønder var ikkje like	5
2. Kårfolk	7
2.1 Kjelder om kårskipnaden.....	7
2.2 Ulike kårordningar	8
2.3 Endringar i omfang av kårvesen.....	9
2.4 Endringar i avtaleformene over tid.....	12
2.5 Landsdelsskilnader	13
2.6 Statusen til kårfolket.....	15
3. Tenestefolk	17
3.1 Tenestefolk – ei sosialgruppe?	17
3.2 Viktige kjelder om tenestefolk	18
3.3 Tenesteavtalar og lovverket rundt tenestetilhøve	19
3.4 Tenarinstitusjonen i vekst og fall	20
3.5 Teneste og kjønn	21
3.6 Regionale skilnader	22
4. Husmannsvesenet i ekspansjonsfasen	24
4.1 Kva var husmenn?	24
4.2 Kor gamalt er husmannsvesenet?	26
4.3 Årsaker til framvekst av husmannsvesen	27
4.4 Kjelder om husmannsvesen.....	31
5. Fattige.....	32
5.1 Årsaker til auka fattigdomsproblem	32
5.2 Etablering av offentleg fattigstell	34
5.3 Kjelder om fattige.....	35
6. Litteratur.....	36

Innleiing

Den første delen av notatet dreiar seg om grupper som vart nært knytte til bondefamilien. Vi tek her utgangspunkt i at det var vesentlege økonomiske skilnader bøndene imellom på 1700- og 1800-talet. Dette inneber at det truleg også var sosiale skilnader mellom dei. Først og fremst gjev notatet innføring i to grupperingar som var knytt til bøndene sine hushald: kårfolk (føderådsfolk) og tenestefolk. Desse gruppene har elles det til felles at det i stor grad, men ikkje eintydig, dreier seg om posisjonar som mange i bondesamfunnet var innom i visse livsfasar. Likevel var tenestefolk arbeidsseljarar med ein underordna posisjon i bondehusstanden. Rekrutteringa gav også ein viss overrepresentasjon frå dei sosialt lågare sjikta i bondesamfunnet.

Den andre delen av notatet handlar om sosiale lågstatusgrupper i bondesamfunnet. Her utdjupar vi spesielt kva husmannen var, og at husmannsomgrepet lenge hadde eit svært uklart innhald. På grunnlag av Ståle Dyrviks drøfting av årsaker til at husmannsvesenet hadde så ulik geografisk utbreiing, presenterer vi nokre tilleggsteoriar om årsaker til framveksten av husmannsvesenet. Den svært samansette gruppa av fattige synest også å ha vore i vekst frametter 1700-talet og inn på 1800-talet. Det er fleire rimelege grunnar til dette. Men for ein del kan det også vere tilsynelatande, rett og slett fordi gruppa vart meir synleg etter at ein fekk offentlege ordningar for fattigomsorg frå midten av 1700-talet.

1. Bønder var ikkje like

Bønder var den dominerande gruppa i det førindustrielle bygdesamfunnet, anten dei no var sjølv-eigarar eller leiglendingar (eller ein kombinasjon av begge delar). Skilnad bøndene imellom i kvar enkelt bygd er ofte blitt underkommunisert. I røynda fanst det eit vidt spekter frå bonde-kaksar, ikkje sjeldan kunne dei vere eigarar av betydelege jordegods, og ned til det vi i nyare tid ville ha kalla småbrukarar. Materielt sett kunne desse siste vere på nivå med mang ein husmann. Nokre av desse småbøndene kunne truleg ha avhengigheits- og gjeldsband til større gardbrukarar. Dei må, liksom husmennene, ha hatt inntekter av å utføre teneste for andre for å greie seg. Dei kan ha drive med handverk, utført skogsarbeid eller anna hos større bønder, eller kanskje var mange småbønder ved kysten i røynda leigekarar på den velståande og velutrusta bonden sin fiskebåt. Kanskje var skilnaden større innanfor bonestanden enn skilnaden frå bønder og ned til dei gruppene som vi elles skal fokusere ekstra på i dette notatet. Formelt skilde likevel bøndene seg frå gruppene under ved at dei disponerte matrikulert jord. Dette var også grunnlaget for at styresmaktene likna ut skattar og avgifter på dei. Dei ytte også tiend som var delt mellom kongen, lokalkyrkja og presten.

Endå til på Vestlandet, der ein gjerne snakkar om egalitet i bondesamfunnet, kan vi finne forbausande store skilnader bøndene imellom, sjølv i nære grannelag. Det trong ikkje å vere slik at namnegardar var oppdelte i likeverdige bruk (sjå tabelldømet frå to gardar på Osterøy). At ein også i samtidia rekna store skilnader i økonomisk evne og sosial prestisje bøndene imellom, kjem fram på ymse vis: til dømes når bygdesamfunnet fordelte tyngslene ved legdssystemet. På Osterøy slapp dei därlegast stilte bøndene med å ha legdslemen hos seg ei veke i året, medan dei best stilte måtte finne seg i å ha legdslemen opp mot åtte veker. Vi finn svært stor skilnad i sølv-gjenstandar og anna som kan kallast overskotsgjenstandar bønder imellom i Nordhordland, og dei betrestilte kunne trekke frå over 20 dalar i utgifter til gravferda ved arveskifte, medan andre ikkje hadde hatt råd til utgifter for meir enn 3–4 dalar på 1700-talet.¹ Plasseringa i kyrkjebenkane avspeglar også eit rangsskilnad bøndene imellom. Dette var vanleg over heile landet for så vidt legalisert gjennom nokre artiklar i Christian 5s norske lov 1687.²

¹ Døssland i Døssland og Johansen 1999: 71–72.

² Kong Christian den femtes norske lov: kap. 21 art. 42-44.

Tabell 1: Brukarar, produksjon og folketal på to Osterøy-gardar i 1803. (Kornavl i tønner, takst i riksdalar)

Bruk	Kornavl i tønner	Storfe	Takst i riksdalar	Vaksne	Born
Tveiten					
Magne Gudmundson	10	5	200	3	1
Lars Andersson	10	5	200	3	1
Lars Nilsson	10	5	200	4	0
Tepstad					
Jon Gudmundson	15	8	400	3	4
Gregorius Johannesson	10	5	260	3	1
Askild Johannesson	10	5	260	3	0
Anders Olsson	5	3	140	4	1

Tveiten er døme på ein gard der bruka er likeverdige, og der folketalet var om lag jamstort på alle bruk. Her var det altså ei jamm fordeling av gardsressursane. Tepstad er derimot døme på ulik ressursfordeling. Bruka her var slett ikkje likeverdige, og det var heller ikkje slik at det minste bruket hadde vesentleg lågare folketal enn det største. Kjelder: Oppgåver frå jordavgiftskommisjonen 1803 og folketeljinga 1801.

Endå det kunne vere av stor interesse og absolutt på sin plass å studere sosiale og økonomiske skilnader bønder imellom, skal notatet i først og fremst handle om slike grupper i lokalsamfunnet som ikkje formelt var oppførte som gardbrukarar med tilhøyrande familiar. Vi skal inn på ein del andre kategoriar som dels kan reknast som særskilde sosiale grupper, dels som livsfasegrupperingar. Dette gjeld kårfolk, tenestefolk, husmenn, legdsfolk og andre fattige. Dei fleste av desse grupperingane finn vi spor etter langt attende i historia – gjerne like frå mellomalderen. Men omfanget i eldre tid ligg likevel i halvmørke, dels fordi skatteordningar og militærordningar ikkje gjorde det naudsint for dei styrande å finsortere bondesamfunnet i klart definerte undergrupper. Dels hadde det også samanheng med at bondesamfunnet sjølv ikkje fann grunn til å formalisere ordningar for dei ulike grupperingane. Dette kom for ein del av at det var lite aktuelt, og dessutan kostnadskrevjande, å lage skriftlege tinglyste ordningar – ein nøydde seg i beste fall med munnlege avtalar. Desse var også rettsgyldige så lenge det fanst uavhengige vitne til stades når avtalen vart inngått.

Det kan såleis vere grunnlag for å spørje om vi har for tvilsamt grunnlag når vi hevdar at kårordningar, husmannsvesen, legdsvesen osv. ikkje får fullt gjennombrot før godt ut på 1600-talet. Av desse gruppene var kårfolket særleg tett knytt opp mot bonden og hans husstand.

2. Kårfolk

Formelt sett stod den som til ei kvar tid anten hadde skøyte som sjølveigar på garden, eller hadde bygselbrev som leiglending på garden rett til å sitje på si og ektefellens levetid. Men gardbruken kunne også velje å late frå seg garden frivillig. Dette kunne gjelde både sjølveigaren og leiglendingen. I så tilfelle kunne det bli snakk om kår eller liknande ordningar. Dei som sikra seg slike ordningar vart utan tvil framleis i røynda rekna til bondestanden.

I skriftlege kjelder er kårordninga helst nemnt i samband med overdraging av sjølveigargardar. Desse var som oftast mellom foreldre og born. Men vi finn dei også ofte på leiglendingsgardar når eit aldrande brukarpar let frå seg garden til yngre. Det nye leiglendingsparet fekk då kontrakt med jordeigaren om leigevilkåra (bygselsetel) og kunne samstundes gjere avtale om å yte kår til dei avtroppande leiglendingane. Ofte var det også her snakk om overføring av bruksretten frå foreldre til born, men det trong slett ikkje vere slekt mellom dei to partane. Til og med innanfor husmannsvesenet kan vi finne nokre døme på kårvatlar.

2.1 *Kjelder om kårskipnaden*

Dei tinglyste kårvatlane kan finnast i tingbøkene, seinare i eigne pantebøker, anten som del av skøyte eller bygselkontraktar, eller (like gjerne) som eigne dokument i samband med slike overdragingar. Men det kan også vere fleire år imellom overdraging av eigedomssrett eller bruksrett til garden og til kårvatlen vert inngått, eller i alle fall til han vert sett ut i livet – slik Kjeld Helland-Hansen³ er inne på.

Kårordninga kunne også bli trekt inn i samband med arveskifte etter ein gardbrukar eller kona hans. Ein av arvingane tok på seg å forsørgje den attlevande og aldrande enka eller enkemannen og fekk dette godskrive ved skiftet. Skifteprotokollane er dermed også ei viktig kjelde. Originalar til slike gardsdokument finst det framleis mange av rundt om på gardane. (Både tingbøker, pantebøker med tilhøyrande register og skifteprotokollar finn ein i sorenskrivararkiva som statsarkiva tek hand om.) Tvistar omkring kårvatlar kjem også av og til fram i tingbøkene eller seinare i forliksprotokollane. Også desse protokollane finn ein i statsarkiva.


Nemningane føderådsfolk eller kårfolk kjem også fram i folketeljingane, i alle fall frå 1800-talet og utetter, men er neppe særleg konsekvent brukt før ved midten av 1800-talet. Mange som i røynda er kårfolk, kan vere rubriserte som ”innerstar” eller som husmenn med eller utan jord i alle høve så seint som i folketeljinga 1801.

Kårordningar er også dokumenterte gjennom spørjeskjema innsamlingar som ”Institutt for sammenlignende kulturforskning” gjorde i si tid. Noko finst også i ulike typar minnesamlingar.

³ Helland-Hansen 1964: 186–88.

2.2 Ulike kårordningar

Ordninga er kjent frå heile landet under ulike namn: Sjå kartet henta frå Hovdhaugen 1984.⁴ I dette notatet vert nemningane kår og føderåd bruk om einannan.



Figur 1: Kart over utbreiing av ymse nemningar for føderåd. Nemningane i parentes er gått av bruk: *not* (f.) skal komme av njota; *fødsleverd* (n.) vart uttalt ”føsslevær” i Valle. Nemningane på kartet går mykje over i einannan, utan skarpe grenser. Teikna av Arne Berg. Her etter Hovdhaugen 1984: 26–27.

Kjeld Helland-Hansen knyter føderåd eller kår til ”en overdragelse av husbondsrett til gard eller gårdepart mot at mottakeren forplikter eg til å yte overdrageren underhold livet ut”. Kåret er altså denne ytinga. Det er særleg grunn til å merke seg at han tek avstand frå formuleringar om at

⁴ Hovdhaugen 1984: 26–27

føderådsordninga i røynda er ein del av kjøpesummen for garden, ei tilleggsyting kjøparen må ut med. At kårvatlar også var vanlege på leiglendingsgardar er sjølv sagt ei viktig innvending mot dette. Vel så viktig for Helland-Hansen er det å skilje mellom den formelle overdraginga eller overføringa av garden og den røynlege overføringa av *husbondsretten* til garden. Desse to typane overdragingar trong ikkje skje samstundes. ”Husbondsverdigheten følger ikke eiendomsretten”. Iverksetjinga av kårvatlen er knytt til overdraginga av husbondsretten, sjølv om det neppe av den grunn var så vanleg med slike omstendelege seremoniar som den Helland-Hansen skildrar s. 185.⁵

Det er vanleg så skilje mellom tre hovudtypar kår:⁶

1. ”*Brødkår*”, der føderådsfolka skulle gå til bords med dei nye brukarane, eller få det dei trong hos dei. Å ”gå i brød saman” var nok lenge det vanlege. Men sidan fann ein det naudsnyt å konkretisere ytingane gjennom kontrakt. Truleg innebar kontrakten først og fremst ei sikring av eit minstemål, endå dei som før i praksis gjekk til felles bord og hadde husstallet saman. Kårfolket levde då som vanlege familiemedlemer, kanskje berre med eiga seng. Seinare vart det vanlegare med eige kårkammers.
2. ”*Vinnekkår*”, ”*brukande kår*” eller ”*slepavilkår*” innebar at føderådsfolka skulle arbeide sjølve både ute og inne. Det vil seie at det til dømes var reservert eigne åkerlappar og krøter som dei skulle stelle sjølve. Men dette innebar at gardbrukaren måtte dyrke åkeren, halde enga i hevd og stå for slåtten når kårfolket sjølve ikkje lengre var arbeidsføre.
3. Ved *oppsettekår* stelte dei seg sjølve i huset, men fekk levert det dei trong til stellet. I alle fall ut på 1800-talet finn vi oftare eigne kårstover som separate bygningar. Det hende også alt på 1700-talet at kårfolket heldt unna ein husmannsplass under garden og brukte han. Ikkje så rart at dei av og til vart rubriserte som husmenn.

Kårvatlar kunne også vere ei blanding av dei hovudtypane som er nemnde ovanfor. Forma for kår vart gjerne endra etter kvart som kårfolket vart eldre og ikkje kunne stelle seg sjølve, eller når ein av ektefellane døydde. Avtalane kunne innehalde detaljerte reglar om husrom og innbu, om rett til oppvarting og pleie og til visse mengder av gardsprodukta. Dette tydde ikkje nødvendigvis at dei vart etterlevde til punkt og prikke, men kontrakten var ei juridisk sikring å ha i bakhanda for kårfolket dersom det oppstod konfliktar med ungfolket.

2.3 Endringar i omfang av kårvesen

Helland-Hansen hevdar at kårordningar nok må ha eksistert like frå mellomalderen, ja truleg som ein fast institusjon alt på 800-talet, knytt til eit omstendeleg seremoniell, slik at det vart klart markert for omgjevnadene.⁷ Slike seremoniar vart mindre nødvendige når ein begynte med skriftlege tinglyste kontraktar. Han reknar med at kårordningar ikkje trongst lengre bak i tida i

⁵ Helland-Hansen 1964: 183–86.

⁶ Helland-Hansen 1964: 190–91.

⁷ Helland-Hansen 1964: 191–92.

”storfamiliens” eller ”stammefamiliens” tid. Her bør ein likevel poengtere at teorien om slike stammefamiliar i dag er omdiskutert.

Frå 1600-talet og utetter aukar talet på skrivne kåarkontraktar. No vert det vanleg med skrivne kontraktar også mellom foreldre og barn, hevdar Helland-Hansen. Årsaka er ”den individualiseringssprosess som nå foregikk, med oppløsning av de gamle bånd og forpliktelser”. Han er også inne på at utviklinga av ein norsk legdshær av bondesoldatar kan ha verka inn. Som kjent kom slike ordningar i stand ved midten av 1600-talet.⁸ Til vanleg skulle ikkje bønder som sat med eigande eller bygsla gard, skrivast ut som soldatar. Bygdeungdomen vurderte soldattenesta som ei utidig bør. Ein vanleg strategi var difor at sonen formelt sett overtok delar av gardsbruket til foreldra – han vart *medbrukar*. Eller han kunne, i alle fall på papiret, overta heile gardsbruket alt i ung alder medan han endå var ugift. I så fall vart foreldra, som kanskje i røynda framleis hadde husbondsretten, vurderte som avgåtte brukarar. Men dette kan også ha ført til at dei i samband med dette sikra seg ein kårvatiale. Vi bør nok i alle fall supplere her med to andre hovudsyn: 1. Demografiske endringar førte til auka generasjonsoverlappingar ut på 1700-talet (meir om dette nedanfor). 2. Det har samanheng med overgang til sjølveige.

Når det gjeld omfanget av ordninga med skrivne kontraktar i høve til uformelle ordningar, er det berre ein måte å studere dette på: Kor mange tinglyste kårvatalar finn vi i vårt område i høve til det totale talet på overdragingar av gardsbruk (både leiglendingsbruk og sjølveigarbruk) frå avtroppende gardbrukar til påtroppende? Dette har Beate Homlong studert i Etne. I første omgang finn ho ein markert auke i talet på skrivne kåarkontraktar frå ca. 1750 og utetter. Dette når eit høgdepunkt eit stykke etter midten av 1800-talet for deretter å minke tiår for tiår. Ho støttar opp noko av dette ved å konstatere at talet på kårfolk vart firedobla mellom 1801 og 1865 i folketeljingslistene, medan talet på bønder berre vart dobla.⁹ (Merk likevel det eg har skrive ovanfor om mangelfull kategorisering av kårfolk i dei eldre folketeljingane.)

Det neste grepet til Homlong er å studere overdragingane av gardsbruk. Stutt sagt finn ho eit hovudmønster: overdragingane i første halvdelen av 1700-talet vert ofta utløyste ved dødsfall, seinare skjer overdragingane gjerne medan ein eller begge av den eldre generasjonen stadig er i live (ein får altså generasjonsoverlappingar). Dette set ho igjen inn i ein demografisk samanheng. Befolkinga var fram til midten av 1700-talet i ein tilnærma balanse. Talet på dei som kom opp i gifteferdig alder og såleis trond levebrød var ikkje særleg høgare enn talet på dei eldre som døydde og dermed let frå seg eit levebrød. Frå midten av 1700-talet fall spesielt småbarnsmortaliteten slik at den generasjonen som stod klar til å overta levebrød vart vesentleg større enn talet på levebrød som vart lediggjort ved dødsfall. Attpå alt var det fleire som levde lengre enn før. Det oppstod dermed eit press mot dei eldre for å få dei til å late frå seg levebrødet. Dei eldre kunne på si side stille vilkår for å gå med på dette. Dermed oppstod det ein auka trond for kårvatalar. Ettersom gjennomsnittleg alder til dei som overtok heller var minkande enn aukande, kan det verke som kårordningane kom på plass mest på dei unge sine premissar. Men alt i alt må ein

⁸ Helland-Hansen 1964: 189–90 og 192.

⁹ Homlong 1997.

rekne med at auka generasjonsoverlappingar innebar hardare forhandlingsklima, noko som gjorde skriftlege avtalar meir naudsynte enn før.

Teorien om auka generasjonsoverlappingar har Homlong i noko konkretisert utgåve arva frå Ståle Dyrvik. Han tok dette opp alt i Cappelens Norgeshistorie bd. 8 i 1978.¹⁰ Dette vart knytt til det som forenkla vart kalla ”den eldste sonen sitt problem”. I tillegg var Dyrvik sterkt inne på det som Homlong berre antyder: at det var ein sannsynleg samanheng mellom overgang til sjølveige og kårordninga.

Dyrvik presiserer at sjølveigaren i motsetning til leiglendingen fritt kunne bestemme over garden og sikre at ein av sønene fekk overta levebrødet. Sjølveigaren ville ikkje berre vere sikra ein god kårvartale og få ein son og svigerdotter som støtte for seg og kona på deira gamle dagar, han ville også vere sikra eit bra pengesum for å overdra eigedomsretten til garden den dagen han gav frå seg husbondsetet. Dermed kunne han leve i velstand, medan ein leiglending berre ville ha høve til å sikre seg hus og mat. Dette synet held Dyrvik i hovudsak fast på også i 1999.¹¹ Også Einar Hovdhaugen knyter ordninga med skrivne kårkontraktar til overgangen til sjølveige. Overgangen innebar at det kunne kvile gjeld på garden. Då vart det viktigare enn før å sikre seg med skriftleg kontrakt fordi ein føderådskontrakt var eit rettsdokument som hadde første prioritet ved eventuelle gjeldsoppgjer. Kontrakten var i røynda eit hefte på garden sjølv om garden gjekk over til andre.¹²

Tabell 2: Prosentdel av foreldre som fekk kårbrev når dei overførte garden til eigne born

	Leiglendingar	Sjølveigarar
Før 1751	5,9	14,3
1751–1800	70,0	63,5
1801–1850	68,2	97,4
1851–1900	72,2	90,0
Gj.snittleg heile perioden	55,8	84,1

Tabellen (etter Homlong 1997: 169) viser kor vanleg det var (målt i prosent) at foreldra fekk kårbrev når dei overførte gardsbruks til son eller dotter (svigerson). (I tabellen er ikkje foreldre som flytta ut frå garden til anna levebrød med.) Det var vanlegare at leiglendingar overførte gardsbruks til andre enn borna enn at sjølveigarar gjorde det, særleg på 1700-talet, men dette er altså ikkje med i tabellen. Først og fremst dokumenterer tabellen at skrivne kårkontraktar vart vanleg først etter 1750 i alle høve mellom foreldre og born. Dernest viser tabellen at leiglendingar likså ofte som sjølveigarar sikra seg kårkontraktar fram til 1800, og at dei ikkje låg så langt etter sjølveigarane seinare heller.

Desse synspunkta vert noko modererte ved at Homlong fann at det på 1700-talet var det nesten like vanleg med kårkontraktar på leiglendings- som på sjølveigargardar i Etne. (Dette endra seg

¹⁰ Dyrvik 1978: 150–55.

¹¹ Dyrvik 1978: 160 og Dyrvik 1999: 128–129.

¹² Hovdhaugen 1984: 13.

rett nok ein del på 1800-talet.) Dette vert mellom anna dokumentert ved tabellen som er attgjeven ovanfor, vel å merke når overdragingane var til eigne born.¹³

På leiglendingsgarden er det fleire døme på at overdraging skjedde til andre enn dei nærmeste slektingane. Då har truleg *opplatingsretten* vore brukt. I nokre nyare undersøkingar har ein nemleg funne at også leiglendingane var i stand til å sikre seg vesentlege pengesummar, kår eller andre ytingar ved å pukke på opplatingsretten sin. Leiglendingane sat med livstidsfeste på gardsbruket og kunne ta seg betalt for å gje slepp på dette. Slikt var rett nok truleg vanlegast dersom dei overlet garden til andre enn den nærmeste slekta. Dette er også noko av grunnen til at leiglendingsgardar mykje oftare enn sjølveigargardar vart overtekte av folk som ikkje var i nær slekt med den avtropende brukaren. Det ser ut til at den avtropende og påtropende brukaren gjorde avtalar om opplating uavhengig av jordeigaren. Jordeigaren retta seg til vanleg etter det som alt var avtalt, og inngjekk i etterkant bygselsavtale med den påtropende brukaren.

Leiglendingen hadde såleis likevel temmeleg god kontroll med kven som overtok gardsbruket, men hadde kanskje vel så stor økonomisk interesse av at framande overtok som at sonen overtok. (Opplatingsretten synest å vere kjent og praktisert i fleire delar av landet).¹⁴

2.4 Endringar i avtaleformene over tid

Helland-Hansen legg vekt på det formelle: at dei fleste kårvatlar fram til 1600-talet kjem fram i samband med arveskifte ("oppgivelsesesskiftetypen"). Sidan vert "skjötetypen" vanleg: kårvatlen kjem fram i samband med eigedomsoverdragning, men gjerne som eige dokument.¹⁵ Han hevdar også at dei eldre kårvatlane berre inneheld nokså uspesifiserte krav til "opphold" og "føde og klær", medan dei ut på 1700-talet begynner å spesifisere krava langt meir.

H.H. finn teikn på at frå 1600-talet og utetter vart ein stadig større del av kårvatlane skrivne mellom foreldre og born. Tidlegare hadde ein kanskje vurdert skrivne avtalar som mindre naud-synte når det var innanfor familien. Men Beate Homlong er meir enn H.H. oppteken av utviklinga av kårvesenet over tid.¹⁶ For Etne skisserer ho følgjande utvikling: Buforma til kårfolket var avhengig av den lokale byggeskikken. Så lenge røykstova dominerte var det ikkje tale om eigne rom for kårfolket, berre ein vanleg sengeplass, og med felles kosthald med hitt gardsfolket, der eit minstemål av mat var sikra gjennom kontrakten. Innføring av skorstein og kokeomn frå slutten av 1700-talet gav hove til å byggje større hus med loft og vindauge. Med dette fekk også kårfolket meir avdelte rom, og vilkåra låg betre til rettes for eige matstell. Utetter 1800-talet vart det også vanleg med eigne kårhus (kårstover).

Vareytingane var på 1700-talet ikkje presisert til anna enn korn og av og til malt. På 1800-talet kjem, naturleg nok, poteta i tillegg, medan malten forsvinn heilt etter kvart, truleg på grunn av endra holdningar til alkoholbruk og fordi ølbryggjing i det heile vart sjeldnare. Eller kanskje var det slik at brennevin og seinare kaffi overtok etter ølet. Levering av mjølk, mjølkeprodukt og

¹³ Homlong 1997: 172–73.

¹⁴ Myking 1998. Døssland 1998: 80–82 og 217-219. Dørrum 2002.

¹⁵ Helland-Hansen 1964: 189.

¹⁶ Homlong 1999: 11–15.

slakt vart ordna ved at brukaren fora eit visst tal dyr som kårfolket skulle ha den vanlege avkastninga av. Storleiken på ytingane var tilpassa yteevna til gardsbruket, men også talet på kårfolk, men vart minka ned dersom kårfolket i tillegg skulle ha eiga jord å dyrke – såkalla ”*slepavilkår*” (brukande kår).

Slepavilkår, i alle fall med eigne åkrar, vert stadig vanlegare utetter frå siste halvdelen av 1700-talet. Særleg synest spesifiserte potetåkrar å bli vanlegare. Poteta var venteleg lettvintrare å dyrke for dei gamle enn kornet. Eigne engstykke for høyproduksjon var lenge uvanleg, men innslaget auka utetter 1800-talet. Høyproduksjon og krøterhald stilte større krav enn åkerproduksjon. Krøtera til kårfolket måtte også ha husrom, og dei måtte ha plass til vinterføret. Verksemda til kårfolket på denne typen ”*slepavilkår*” innebar etter tradisjonane både manns- og kvinnearbeid. Difor var dette vanlegast der begge ektefellane levde og var arbeidsføre. Men det hende også at kårfolket hadde eigne tenestefolk.

Forklaringa på endringane finn Homlong særleg i den demografiske utviklinga, med auka generasjonsoverlappingar. Talet på kårfolk vart mangedobla utetter 1800-talet. Dei var også yngre og jamt over sprekare enn dei tidlegare kårfolka som oftare var einslege, gamle og skrøpelege folk. Det auka presset på dei eksisterande levebrøda gav høve til å krevje større og meir handfaste ytingar. Dette skapte ofte konflikt, sjølv mellom foreldre og born. Kvart åttande kårvæltale i Etne vart klaga inn for forlikskommisjonen på 1800-talet. Men opp i dette vart slepavilkåret ei meir smidig løysing. Det reduserte byrda for ungfolket og gav det arbeidsføre kårfolket noko å sysle med så lenge dei makta.

Mot slutten av 1800-talet og inn på 1900-talet minka talet på kårfolk. Jordbruket utgjorde ein minkande del av sysselsetjinga, medan statleg folketrygd etter kvart gjorde kårskipnaden overflødig. Tilhøva i Etne var i hovudtrekk representative for Vestlandet, hevdar Homlong.

2.5 Landsdelsskilnader

Helland-Hansen skisserer nokre landsdelskilje ut frå det materialet han har samla inn.¹⁷ Dette materialet er likevel ikkje nødvendigvis heilt representativt og ikkje statistisk signifikant. Han finn naturleg nok lågast prosentdel kårkontraktar som gjeld leiglendingar i dei gamle sjølveigar-distrikta Agder og Telemark og høgast i Nordland og Troms der leiglendingsvesenet var mest seigliva. Meir interessant er det når han reknar ”føderådshyppigheten” etter folketeljinga 1855. Han finn at i Finnmark og Østfold var berre 1 % av hushaldsoverhovuda kalla kår- eller føderådfolk. Høgast er prosentdelen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal med over 4. Det er likevel grunn til å presisere at vi ikkje kan vere trygge på at folketeljarane i dei ulike landsdelar vurderte dette ut frå dei same kriteria. Det kan ha vore flytande grenser når det galdt kor vidt kårfolk såg seg som delar av bondens hushald eller om dei rekna seg som eigne hushald. Dette har ikkje nødvendigvis samanheng med om dei hadde formell kårkontrakt eller ikkje, men typen kontrakt og den faktiske buforma må ha spela inn. H.H. har då heller ingen spesielle forklaringar på desse landsdelsskilnadene.

¹⁷ Helland-Hansen 1997: 195.

Einar Hovdhaugen har prøvt å trekke fram karakteristiske trekk ved kårordningane i dei ymse landsdelane.¹⁸ Først og fremst finn han at Indre Austlandet er i ei særstilling. Her var det svært store føderåd og kontraktane var detaljerte. Ofte var ytingane til kårfolket opplagt mykje større enn det dei faktisk trøng til, av og til opp mot 20 tønner korn, 5 kyr, og i tillegg diverse andre naturalia og arbeidshjelp. Dessutan var det vanleg at kårfolket også disponerte hest. Dei må ha hatt eit salsoverskot av ein del varer. Elles var det tidleg vanleg med eigne kårhus. Kontraktane er gjerne blanding av ”brukande føderåd” og naturalytingar. Det var sjeldan at kårfolket gjekk i brød hos dei unge. Kontraktane ”avspeglar eit aristokratisk bondesamfunn”, seier Hovdhaugen.

I fylka kring Oslofjorden gjekk kårordninga tidlegare av bruk enn i andre delar av landet. Der er svak tradisjon om kårsystemet, særleg i Østfold. Her var det sjeldan med eigne kårhus. Derimot var det vanleg med eigne rom, t.d. i andre høgda i våningshuset, eller eigne rom i drengestua. Kåra var ikkje særleg store: t.d. 7–10 tønner korn, 0–3 tønner potet, 2 kyr og 3 sauher.

I Telemark, på Sørlandet og i Rogaland var tilhøva ikkje så ulike. I Setesdal vart nemninga ”foddog” brukt når gamle og unge gjekk til felles bord. Nemninga ”oppsetnad” var nytta når kårfolket åt ved eige bord og levde for seg sjølve. I heile landsdelen var det sjeldan med eigne kårhus. Det var vanlegast at kårfolket hadde eigne rom i våningshuset. I Bjerkeim var det jamvel rekna som mangel på folkeskikk når gamle og unge skilde lag. Vanleg storleik på hovudytinga i kåra var 7–10 tønner korn, 7–10 tønner potet, 2 kyr og 5–8 småfe. I Telemark finst det også døme på at kårfolket hadde eigen skogteig.

På Vestlandet frå Hordaland til Sunnmøre var det sjeldan med eigne kårhus. Ut på 1800-talet var det likevel ikkje ukjent med ”arbeidskår” i Voss og Indre Sogn. Då hadde kårfolket eigne hus med stove, løe og fjøs. I bygder der stovehusa berre hadde eitt rom, var det vanleg med kårsenga i omnskroken med ei lita bordskive som dei kunne slå opp på veggen ved senga (kårkråa eller vilkårskråa). Etter midten av 1800-talet, då røykstovene etter kvart gjekk av bruk, vart det vanleg å utvide husa. Då fekk gjerne kårfolket eige kammers. I Indre Sogn var det ikkje uvanleg med særskilde åkrar som vart brukte av kårfolk, gjerne i åttled etter åttled. Elles var det vanleg at kårfolket hadde ein liten potetåker. Stort sett var det svært små kår på Vestlandet, t.d. 2–6 tønner korn, såpoteter eller 2 tønner potet, 2–4 kyr og 4–12 sauher.

I Romsdal, Nordmøre og Trøndelag var eigne kårhus vanleg på 1800-talet, eller kårfolket budde i eine enden av den lange trønderlåna. Nokre stader let ein gjerne kårfolka ta i bruk ein husmannsplass. Då vert leveransane helst såkorn, setjepoteter og liknande og ikkje matvarer. Kåra var her relativt store, men likevel mindre enn på Indre Austlandet. Kontraktane var heller ikkje så omstendelige som der. Vanleg kåryting kunne vere 8–9 tønner korn, 6–12 tønner potet, 2–4 kyr, 4–8 småfe.

I Nord-Noreg var det ikkje vanleg med eige kårhus, men ofte fekk kårfolket eigne rom i våningshuset. Her var det svært fattigslege kår med 1–2 kyr og 3–4 sauher. Ved kysten kunne det også vere snakk om delar av egg- og dunvær.

¹⁸ Hovdhaugen 1984: 22–50.

Det er mest nærliggjande å hevde at kårvatlen hadde mykje samanheng med dei ressursane som fanst på gardane. Store og gode gardar gav grunnlag for omfattande kår. Slik kunne det også vere store variasjonar innanfor kvar enkelt bygd. ”Det er gårdenes størrelse og avkastningsevne som til-siser føderådets størrelse”, seier også Helland-Hansen.¹⁹ Buforma til kårfolket, med eigne kårhus, har venteleg til dels hatt med tilgang til billig bygningstømmer å gjere. Det er vidare mogeleg å tenkje seg at sjølve tunskipnaden kan ha spela ei rolle. Klyngetunet gjorde det sikkert vanskeleg å ordne med eiga kårstove. I områda kring Oslofjorden må modernisering med pengehushald ha skjedd tidlegare enn i andre delar av landet. Difor vart kårordninga tidlegast avleggder. Det er neppe grunnlag for å seie at område med mykje sjølveige generelt hadde betre kårordningar enn leiglendingsdistrikta. Det er heilt sikkert fleire faktorar ein kan trekke inn når ein drøftar dei geografiske variasjonane i kårordningane som her er svært grovt skisserte.

2.6 Statusen til kårfolket

I ei interessant skildring av bondesamfunnet kring Osterfjorden i Nordhordland, ”Saa Maata”, hevdar den anonyme forfattaren at dei gamle ikkje var særleg respekterte. Dei måtte ofte fryse og fekk lite omsorg. Mange fekk for lite og for dårlig mat, og dei var plaga med meir arbeid enn dei tolte. Ikkje sjeldan vart dei pressa ut av huset og måtte fare kring som tiggarar i bygda. Alt dette hende fordi den gamle ikkje kunne halde tritt med den unge i arbeidet. Gode arbeidskrefter var i det heile eit vilkår for å leve nokolunde trygt.²⁰ Dette er likevel skrive i 1723 medan det framleis var uvanleg med i alle høve skrivne kåkontraktar. Dessutan er framstillinga sjølvsagt subjektivt, sett frå ståstadens til forfattaren som truleg er ei kvinne frå det kondisjonerte sjiktet. Likevel finst det saktens fleire saker i tingbøkene der dei gamle klagar over at dei ikkje får det dei burde ha krav på. I 1651 krangla syskena og svigerborna til Erik Pederson Rongevær frå Lindås skipreide om kor vidt alle hadde fødd han i alderdomen i samsvar med arveparten deira (brorlott og systerr-lott). Her må det altså ha vore arrangert skifte der det var underforstått at arvingane hadde felles ansvar for å sikre livsopphaldet til den gamle faren. Annleis hadde enka Turid Odderås frå Alenfit skipreide ordna seg då ho i 1678 stemna son sin, Ola, for å få slått fast at han hadde plikt til å gje henne livsopphald så lenge ho levde. Ho hadde gjeve frå seg bygselen på garden til fordel for han. Retten gav henne medhald.

Truleg hadde dei gamle sterkare kort på handa og kunne også betre sikre statusen sin då konkurransen om levebrøda auka etter midten av 1700-talet. Her kunne det jamvel hende at det vart oppretta fleire kår på same garden, slik Aasmund Olavsson Vinje skildra frå Nord-Trøndelag i 1760.²¹ Det synest å ha vore vanleg praksis at kårfolket sat saman med hitt gardsfolket på den faste plassen i kyrkjebenken. Men det var framleis ofte rettvististar om kårordningane utover på 1800-talet.

Sidan levealderen til kvinner gjennomsnittleg var høgare enn for mennene, var det oftare kvinner enn menn som skulle trenge til kårordningar. Likevel hevdar Helland-Hansen at den aldrande

¹⁹ Helland-Hansen 1964: 188.

²⁰ Døssland 1998: 44.

²¹ Vinje: 1860: 146–150.

husbonden var snar til å sikre seg kårvatn når han var blitt enkemann, medan den aldrande husmora ofte ikkje ordna kårvatn når ho vert enke. Legg også merke til at kårvatnen til det aldrande husbondsparet ofte ikkje vart sett i verk før kona døydde. Helland-Hansen skisserer ei forklaring til dette: Det var så avgjerande viktig å ha ei husmor på garden, at den aldrande enkemannen i denne situasjonen fann det rett å overlate husbondsretten til dei yngre. Dette måtte til for at ei ny husmor skulle sleppe til. Den aldrande kona sat derimot gjerne i husmorrolla også om mannen hennar døydde, og ho trong difor ikkje kårvatn.²² Dette er ei forklaring som framhevar den sterke posisjonen til husmora på garden, og sjølvsagt hadde ho ei heilt avgjerande rolle både innahyses og i fjøsstellet. Men kanskje kan ein likevel snu opp ned på dette. Den aldrande kona sklei lettare enn mannen inn i hushaldet hos ungfolk. Ho mangla sterkt nok autoritet til å forlange kårvatn.

²² Helland-Hansen 1964: 193.

3. Tenestefolk

3.1 Tenestefolk – ei sosialgruppe?

Kårordninga var først og fremst knytt til ein livsfaseposisjon, endå ho absolutt også hadde sosiale overtonar. Ikkje kven som helst kunne skaffe seg eit godt år. Det er likevel problematisk å plassere kårfolket som eiga gruppe på ein sosial skala i bygdesamfunnet, men dei høyrde i alle høve i hovudsak til bondestanden. Det har også vore vanleg å presisere at teneste i stor grad dreidde seg om ein livsfaseposisjon. Ein slik posisjon hadde svært mange ungdomar frå 14-årsalderen eller tidlegare og fram til dei sikra seg eit levebrød som gav grunnlag for å stifte eigen familie.²³ Det er likevel ikkje tvil om at born av husmenn og andre lågare grupper i bondesamfunnet var overrepresenterte mellom tenestefolket. Dei forlét vanlegvis heimen mykje tidlegare enn borna på gardsbruks. Gjerdåker finn at tenestefolket heller kom frå dei mindre enn frå dei større gardsbruks i Lofoten-området. Men han finn også at mange av dei aller yngste tenarane, som kanskje også i røynda var fosterborn, var i slekt med husbondsfolket. Men ein kan ikkje stikke under stol at tenestefolk hadde ein klart underordna status i hushalda dei vart knytte til. Husbonden hadde rett til å tukte tenestefolka på linje med sine eigne born. At kvinner var overrepresenterte mellom tenestefolk, styrkte heller ikkje den sosiale statusen. I kyrkja var tenestefolket sin plass gjerne på lemmen eller lengst bak ved døra.

Sølvi Sogner referer teorien til John Hajnal.²⁴ Denne går ut på at den høge giftarmålsalderen i Nordvest-Europa kan forklaraast ved skikken med å bruke andre folks barn som tenestefolk i staden for eigne barn. Dette vil seie at bøndene nytta tenestefolk berre dersom deira eigne barn ikkje var komne i arbeidsfør alder. Dette var i så fall også understøtta av lova, særleg forordninga av 1754, som nekta bønder å ha fleire vaksne barn heime enn dei trong til eiga gardsdrift. Endå strengare var det for husmennene som ein rekna ikkje trong særleg arbeidskraft til plassedrifta. Alle andre hadde plikt til å ta fast teneste.

Jan Oldervoll har likevel gjennom ein analyse av folketeljinga 1801 komme fram til at tenartalet på gardsbruks i Noreg minka svært lite fordi om husbondens eigne barn nådde arbeidsdyktig alder (sjå figur 2 frå Oldervoll 1980). Han finn i tillegg at talet på tenestefolk var etter måten høgt på Vestlandet, endå ein ut frå gardsstorleiken ikkje skulle tru arbeidskraftbehovet var så stort. Men sidan gjennomsnittleg giftarmålsalder var spesielt høg der, var det ei ekstra stor gruppe av ugifte ungdomar. ”Tenestefolkinstitusjonen vart altså ein slags oppbevaringsinstitusjon for vaksne som ikkje var gifte. Det verkar som husbondsborna vart drivne ut og ikkje fordele seg på dei nye husstandane etter trongen på arbeidskraft”, skriv Oldervoll.²⁵ Han trur difor at det var gardsbruks si evne til å brødfø ein stor husstand som avgjorde kvar dei tok inn tenestefolk. Samstundes merkar han seg at mange husstandar både gav frå seg og tok imot ung arbeidskraft.


²³ Sjå til dømes grafisk figur over alders- og kjønnsfordeling av tenestefolk hos Gjerdåker 1977: 485.

²⁴ Sogner 1997: 254.

²⁵ Oldervoll 1980: 105–06.

Borna reiste ut og tok seg teneste, medan andre kom inn som tenestefolk.

Figur 2: Tenestefolk og vaksne husbondsborn i brukarhusstandane etter husmora sin alder (Oldervoll 1980)



Oldervoll har ikkje noko eintydig svar på kvifor det var slik. Var det status for ein del husstandar å halde tenestefolk? Såg ikkje dei unge teneste som ein ulempe men ønskte tvert om å komme seg ut frå heimen, bli kjent med andre, skaffe arbeidserfaring, kanskje jamvel legge til side litt av tenesteløna for på denne måten å stå sterkare på ekteskapsmarknaden? Det dreidde seg i så fall om eit ledd i sosialiseringa av dei unge. Dersom dette er rett, understrekar det at teneste først og fremst var ein livsfaseposisjon, og at det sosiale utgangspunktet til dei som tok teneste vert ein underordna faktor.

3.2 Viktige kjelder om tenestefolk

Dei manlege tenestefolka står innførte i eigne rubrikkar i manntalslistene både i 1660-åra og 1701. I dei ikkje-nominelle folketeljingslistene i 1769 og 1815 er gruppa rett nok delt i kjønn men er slått saman med dagleigarar. I 1825 og 1835 er tenestefolk ein eigen kategori, men no er ikkje gruppa kjønnsdelt. Endeleg i 1845 og 1855 får vi også vite tenestefolk delt på kjønn. I den første nominelle folketeljinga i 1801 er tenestefolk av begge kjønn ført opp enkeltvis med namn og alder på kvar sine oppholdssteder. Det same gjeld folketeljingane i 1865, 1875, 1891, 1900 og sidan kvart tiår utetter. Ei mykje brukt og interessant kjelde er den såkalla folkelønskatten som var ein del av ein meir omfattande ekstraskatt i 1711. Her er tenestefolk av begge kjønn med (men ikkje nødvendigvis med namn, og sjeldan med alder). Dessutan finn vi opplysningar om kva løn dei fekk i pengar og/eller naturalia, sidan det skulle liknast ut ein skatt som tilsvarte ein sjettedel av løna.

Frå ut i 1720-åra og fram til kring 1750 vart amtmenn og ein del andre embetsmenn fleire gonger bedne om å greie ut om dei sosiale undergruppene i distriktet sitt. Gruppa tenestefolk stod gjerne sentralt i dette, særleg fordi bøndene stadig klaga over mangel på tenarar. Elles finst det opplysningar om lønstillhøve og anna i femårsmeldingane til amtmennene på 1800-talet og i meldingane frå futar og lensmenn som var grunnlag for desse meldingane. Amtmannsmeldingane er trykte, medan førearbeida finst dels på Riksarkivet og dels i statsarkiva.

I ”Sosialhistorisk minnesamling med tyngdepunkt i Trøndelag i 1920-1930-åra” er det også tilfang om tenestetilhøve i mellomkrigstida. Materialet fanst lenge ved Historisk institutt, NTNU, Trondheim, men er no i ferd med å bli overført til Norsk Folkemuseum. Dagfinn Slettan gav i 1980 ut boka ”Dreng og taus i Verdal” som bygde på dette materialet.²⁶

3.3 *Tenesteavtalar og lovverket rundt tenestetilhøve*

Tenarar var såpass etterspurde at det innarbeidde seg faste normer for korleis avtalar om teneste skulle gjerast. Desse normene kom også inn i lovverket, til dømes i Christian 5s norske lov fra 1687. Dersom tenaren hadde teke mot festepengar frå ein husbonde eller frå ei matmor, var han/ho juridisk bunden til å gå i teneste. Det finst mange døme på at ungdomar vart trekte for retten fordi dei likevel ikkje møtte den avtalte dagen. Det var faste normer også for kva dagar i året tenesta normalt skulle starte eller slutte. Dette var ”faredagane”, 14. april og 14. oktober.

Lova frå 1687 forlanga at dei unge festa seg i halvårs- eller heilårsteneste. I forordninga frå 1754 stramma ein dette endå meir til. No godtok ikkje styresmaktene teneste på mindre enn eit heilt år.²⁷ Dei som fornya avtalen og heldt fram i teneste etter eitt år, hadde ikkje rett på nye festepengar.

Det var rett og slett ei plikt å ta teneste, eller anna fast arbeid. Alt på 1600-talet fanst det forordningar om at alle som ikkje hadde gard eller plass måtte ta fast arbeid. Tenesteforordninga 1754 innskjerpa også dette. Eit hovudformål var å få slutt på lausgjengeriet.

Nokre historikrar har vore inne på at forordninga av 1754 i røynda innebar eit stavnsband på ungdomen. Dei skulle ta teneste i sitt eige sokn framfor nokon annan stad, dersom nokon hadde bruk for dei og til vanleg løn i området.²⁸ Forordninga av 1754 stod i hovudsak ved lag til 1854.

Eit anna punkt i forordninga galdt standardisering av lønnene. Det var ikkje lovleg å lokke tenarar med høgare løn enn det som var vanleg i bygda. Det var heller ikkje lov å gje dei ekstra påskjønning ved å disponere jord, fø opp husdyr o.a.

Vidare inneheldt forordninga av 1754 reglar om fosterborn. Dei hadde plikt til å tene fosterforeldra for berre mat og kle like til dei var 20 år, dersom dei var under 5 år då dei kom i fosterheimen. Var dei eldre, galdt tenestekontrakta utan pengeløn til dei var 18, men også deretter skulle dei gå i teneste hos fosterforeldra framfor nokon andre på vanlege tenarvilkår.

²⁶ Slettan 1978.

²⁷ Sølv Sogner hevdar rett nok feilaktig det motsette. Sogner 1997: 253.

²⁸ Sogner 1997: 253.

Lova vart mange stader ikkje praktisert i særleg grad, men nokre stader vart ein del paragrafar nytta flittig. Dette gjeld ikkje minst i Lofoten der handhevinga var særleg strang når det galdt tenestetvang, men likevel var lønene for tenestegutar høge. Dette drøftar Brynjulf Gjerdåker nærmare. Noko av det same gjeld Sunnmøre. Her allierte bøndene i midtre og indre strok seg med offiserane og tvangshenta ungdomar som hadde teke høgt løna teneste ved kysten. Dei kunne skyte seg inn under forordningar om at dei som var utskrivne legdssoldatar hadde plikt til å tene i si eiga legd dersom det var bruk for dei. Futen prøvde også ved eit par høve å gripe inn både mot tenestekarar ved kysten og husbøndene deira som gav dei ulovleg gode lønsvilkår. Ved desse høva vart følgjene nesten opprørskje tilstandar.²⁹

I Ringsaker på Hedmark prøvde futen flittig å setje lauskarar, folk som dreiv med handelsverksemd eller tok tilfeldig dagarbeid, under tiltale. Av og til organiserte han inkvisisjonar for å spore opp og setje fast lauskarar. Ved fleire høve prøvde han å tvangssende dei i tilvist teneste. Det verkar likevel ikkje som han kom problemet til livs.³⁰ Her var det på slutten av 1700-talet også vanleg at tenestejenta fekk fø ein sau og ho fekk så ein pose linfrø. Tenesteguten fekk ei tønne korn. I følgje futen nytta nokre av dei denne til å brenne brennevin for sal. I Vanylven på Sunnmøre fekk tenestejenta ull til å strikke sokkar for sal, vel å merke etter ho hadde strikka minst fem par for husmora.³¹

I Nordhordland var tvert om styresmaktene misnøgde fordi bøndene dekte over at mange ungdomar reiste til byen eller til sjøs i staden for å ta teneste i heimbygda. Her var tilhøva slik at bøndene ikke eigentleg trong så mykje mannleg arbeidskraft på gardane sine, difor var også lønene låge.³² I dei fleste bygder fanst det heile tida, og trass i forordninga, personar utan fast teneste som tok tilfeldig arbeid og som elles gjerne dreiv litt småhandel, handverk og liknande.

3.4 *Tenarinstitusjonen i vekst og fall*

Gruppa av tenestefolk synest relativt sett å ha vore mest talrik på 1700-1800-talet.³³ Det er nærliggjande å spørje om kvifor tenarinstitusjonen vokser i omfang i denne perioden, og ikkje minst kvifor gruppa minka frå 1875 og utetter. Ordninga med tenestefolk er utan tvil svært gammal, men vi har ikkje taloppgåver lenger bak enn til 1666 og 1701, og manntala frå desse åra inneholder sjølv sagt berre mannlege tenarar. Manntalet 1701 dekker heller ikkje heile landet. I Nord- og Midhordland var innslaget av mannlege tenarar pr. gardsbruk om lag uendra mellom 1701 og 1801. I Møre og Romsdal var det derimot aukande. Det same finn ein til dømes i Ringsaker på Hedmark. Her er truleg Møre og Romsdal og Ringsaker mest representativt for utviklinga på landsplan.³⁴ Meir arbeidskrevjande jordbruksdrift og auka innsats i attåtnæringer kan vere noko av grunnen. Dels hadde dette også samanheng med at ungdomsgruppa generelt vart større.

²⁹ Døssland 1990: 198–99 og 350.

³⁰ Tranberg 1993: 238–40.

³¹ Tranberg 1993: 242. Døssland 1990: 350.

³² Døssland 1998: 186–87.

³³ Jamfør Sogner 1997, Dyrvik 1979: 192–94, Dyrvik 1984.

³⁴ Døssland 1998: 191. Døssland 1990: 346–349. Tranberg 1993: 237.

Kanskje hadde i tillegg forordninga om tenestefolk frå 1754 ein viss verknad. Forordninga hadde jo som mål å tvinge ungdom inn i fast teneste.

Tenargruppa utgjorde likevel ein minkande del av folketalet i landet alt frå tida etter 1825, og også ein minkande del av gjennomsnittshushalda. Dette hadde for ein del med sosial kløyvning i bygdesamfunna og urbanisering å gjere. Husmenn, innerstar og kårfolk heldt lite tenestefolk. Stadig fleire hushald på landsbygda høyrd til desse gruppene fram til 1865 i det minste. Likevel var gjerne talet på tenestefolk på gardane på topp kring midten av 1800-talet i mange norske bygder, nett på same tida var også innslaget av mannlege tenarar sterkest.

Tabell 3: Tenestefolk i prosent av folketalet ved folketeljingane 1801–1920.

Folketeljing	1801	1825	1835	1845	1855	1865	1875	1890	1900	1910	1920
Tenarprosent	11,9	13,0	11,7	12,2	11,0	9,7	8,7	7,2	5,8	5,8	4,4

Dyrvik knyter liksom Sogner tilbakegangen til den økonomiske ekspansjonen utanfor primær-næringane her i landet. Sogner presiserer i tillegg at produksjonen i sterkt grad vart flytta ut or heimane, og dette reiv bort grunnlaget for privat tenarhald ("overgangen fra husholdsbasert produksjon til produksjon i markedet"). Dyrvik nemner også emigrasjonen til Amerika som ein viktig faktor. Det var særleg sterkt utvandring mellom unge menn, og dette kan såleis også forklare noko av den tildele tilbakegangen av mannlege tenestefolk. Vi kjenner elles synspunkta frå den såkalla "hamskiftedebatten" om at mekaniseringa overflødigjorde mykje av arbeidskrafta i jordbruket. Dette verke med til at talet på både tenestefolk og på husmenn minka. Kor vidt det var mangsel på billig arbeidskraft som fekk bøndene til å satse på maskiner, eller om det var maskininvesteringane som pressar bort arbeidskrafta, er elles eit klassisk spørsmål.³⁵

3.5 Teneste og kjønn

Mannlege tenarar synest å nå eit høgdepunkt i tal alt kring 1845. Sidan minkar denne gruppa. Alt i 1890 er dei under 1801-nivået, endå folketalet i landet var auka med 175 prosent i denne perioden. Dei kvinnelege tenarane nådde i tal eit høgdepunkt kring 1875 og var ikkje under 1801 nivå før i langt ut på 1900-talet. Det var truleg vesentlege regionale skilnader i denne utviklinga.

Dei aller fleste stader var kvinnene i klart fleirtal mellom tenarane. Likeins var det alle stader vesentlege lønnskilje mellom dei to kjønna.³⁶

Kjønnsskiljet med kvinnedominans mellom tenarane er forklart i hovudsak på to måtar: Den mannlege ungdomen hadde fleire alternativ enn den kvinnelege. Dei kunne til dømes hyre seg som mannskap på norske skip eller på dei mange utanlandske skipa som kom til norske hamner. Dei kunne vidare få arbeid i samband med trelast- eller bergverksnæring. Dessutan vart mange unge menn utskrivne til teneste for kongen i krigsflåte og hær. Dette skulle også forklare løns-

³⁵ Sogner 1997: 250. Sogner 1990: 83–84. Dyrvik 1984: 6.

³⁶ Sogner 1990: 67.

skilnaden mellom dei to kjønna. Mannlege tenestefolk var det aldri nok av, dei var etterspurde. Det var difor reine marknadskrefter som gjorde at løna vart mykje høgare enn for kvinnelege tenestefolk, som det var rikeleg av.³⁷

Ein annan type forklaring på kjønnsskilje er at det rett og slett var mest kvinnearbeid på gardane, ein trong til fleire tenestekvinner enn drenger til dei vanlege gjeremåla. Særleg viktig var den kvinnelege arbeidskrafta i område der det var stor vekt på krøterhald. Det kan også hende at bøndene i nokre område såg mest etter kor billig tenestefolka var (også i kosthaldet) og difor gjerne valde tenestejenter også til å utføre arbeidsoppgåver som i og for seg menn også kunne gjort. I slike område var dei ikkje villige til å gje mannlege tenestefolk særleg høg løn. Utskrivne legdssoldatar hadde rett til å få teneste på ein av gardane som utgjorde soldatlegda, men det var ikke alltid legdsbøndene var villige til å gje dei teneste. Nokre av desse trekka har eg sjølv funne i Nord- og Midhordland på 1600 til 1700-talet.³⁸ Men det er vanskeleg å forklare at tenestelønene for menn generelt var høge, dersom bøndene først og fremst ville ha kvinnelege tenestefolk.

Når det mannlege innslaget vart sterkare ei stund utetter i første halvdelen av 1800-talet, kan det dels komme av at det i tida etter Napoleonskrigane stod därleg til med dei tidlegare blomstrande eksportnæringane og byane stagnerte. Dei unge mennene hadde i denne perioden færre alternativ til å ta teneste i heimbygda. Samstundes var det ei tid då folkeauken på landsbygda kravde auka produksjon på gardsbruka med mykje oppbryting av nye åkrar, grøftearbeid osv. Til dette trondt ein mannleg arbeidskraft.

Det er rett som Sogner skriv at det jamt over var mest mannlege tenestefolk i storgardsområda i innlandet. Men det finst klare unnatak. På Sunnmøre var det til dømes sterkest innslag av mannlege tenarar i det mest fiskeriorienterte prestegjeldet, Haram. Her var det samstundes også relativt store gardsbruk til Sunnmøre å vere. Tenestekarane vart lokka dit med ekstra høg løn, og med part av fiskeutbytte. Dette liknar, som før nemnt, på ordningane i Lofoten.³⁹

3.6 *Regionale skilnader*

Innslaget av tenestefolk på landsbygda følgjer ikkje fullt ut same mønsteret som husmenn, innerstar og anna tilgjengeleg leigd arbeidskraft. I så fall skulle det ha vore klart flest tenestefolk på breibygden på Austlandet. Dersom arbeidskrafttronget på store gardsbruk var heilt ut avgjerande, burde ikkje innslaget ha vore såpass sterkt på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg. Men vi ser at tenarinstitusjonen nådde eit høgdepunkt tidlegare på Austlandet enn i resten av landet. Kanskje utvikla det seg tidlegare her alternative og meir fleksible arbeidskjøpsordningar.⁴⁰ Gjennomsnittstala løyner elles korleis kjønnsfordelinga var i dei ulike landsdelane, og korleis aldersfordelinga var. Sølv til Sogner hevdar såleis at det sterkeste innslaget av kvinnelege tenestefolk fanst der krøterhaldet hadde stor vekt. Dette skulle høve for Vestlandet. Sogner finn også

³⁷ Sogner 1997: 254–55.

³⁸ Døssland 1998: 186–87.

³⁹ Sogner 1997: 255. Døssland 1990: 249–50. Gjerdåker 1977.

⁴⁰ Dyrvik 1979: 193–96.

store skilnader mellom landsdelane når det gjeld barnetenarar og fosterbarn i 1801.⁴¹ Aller sterkest innslag finn ho i Nord-Noreg i 1801. Det er grunn til å nemne at dette var ei svært billig form for arbeidskraft for husbondsfolket dersom forordninga frå 1754 vart følgd. Fosterborn hadde plikt til å halde fram i teneste hos fosterforeldra utan pengeløn like til dei var 20 år. Kanskje er det difor vi finn såpass mange av dei på dei relativt fattigslege gardane i Nord-Noreg.

Tabell 4: Tenestefolk pr gardsbruk fordelt på landsdelar i 1801 og 1855.

Landsdel	1801	1855
Austlege Austland	1,53	1,32
Vestlege Austland	1,13	1,00
Agder	0,60	0,66
Vestlandet	1,16	1,40
Trøndelag	1,52	1,65
Nord-Noreg	1,28	1,59
Riket	1,23	1,28

Tala er henta frå Dyrvik 1979: 195.

Mange stader verkar det som bøndene såg seg best tente med å hyre tenestefolk berre for stuttare tid, til dømes under innhaustingsarbeidet, endå dette var i strid med forordninga. Nokre stader, til dømes i Nordhordland, kunne fleire bønder gå saman om å halde ein tenestekar (dette var sjeldnare med tenestejenter). Han veksla då kvar veke mellom kven han tente for.

Det ser ut til å ha vore ein del lønsskilnader distrikta imellom, endå grunnlagsmaterialet ofte gjer det vanskeleg å samanlikne. I tillegg kunne det vere klare skilje innanfor enkelte distrikt. Ståle Dyrvik finn det vanskeleg å tolke dei lønsskilnadene som synest komme fram ved bearbeiding av tala frå folkeskatten 1711.⁴² Det er dessutan berre Akershus stift og Trondheim stift som er analysert nærmare. Gjennomsnittslønene er noko høgare i Akershus stift enn i Trondheim stift, endå det er store indre skilnader. Likevel finn ein dei høgste lønene i dette materialet i Finnmark (som hørde til Trondheim stift). Dels må storleiken på gardsbruk ha betydd noko, dels konkurransen frå andre næringar som til dømes fiske slik som i Finnmark og Lofoten, som Gjerdåker skriv om.

Tenarløna var i alle høve låg når ein tek med at dagløna til såkalla dagarbeidarar ville ha gjeve 7 til 8 gonger så høg årsinntekt dersom dei var fullt sysselsette. Sjølv om dei gjekk ledige store delar av året ville dei ha tent klart meir enn tenestefolka. Det er såleis ikkje så rart at mange bønder ønskte å tvinge ungdomen i fast årsteneste.⁴³

Både kårordninga og tenarskap var i stor grad, om ikkje eintydig, knytt til livsfasar. Det kan ein ikkje seie om husmannsvesenet, som først og fremst fortel om permanente sosiale kløyvingar i bondesamfunnet.

⁴¹ Søgne 1997: 246.

⁴² Dyrvik 1979: 193.

⁴³ Dyrvik 1979: 193.

4. Husmannsvesenet i ekspansjonsfasen

4.1 Kva var husmenn?

Husmannen var formelt sett ein person som festa eit lite jordbruk, eventuelt berre ei hustomt av ein gardbrukar. Jordbruket eller tomta var likevel ein del av garden, altså ikkje fråskilt ved skylddeling. Dette tydde at husmannsplassen ikkje vart innført i matrikkelen med eiga skyld. Når festeavtalen var over, fall husmannsjorda tilbake under garden, men kunne sjølv sagt festast på nytt av ein annan husmann. På leiglendingsgardar hende det at festeavtalen vart gjort mellom jordeigaren og husmannen – utan medverknad av leiglendingsbonden. Men det normale var at husmannsplassen vart festa etter avtale mellom bonden (anten han var sjølveigar eller leiglending) og husmannen.

Husmannen som fekk disponere eit såpass jordstykke at han kunne drive litt åkerbruk og halde nokre få krøter, vart i ein del kjelder kalla husmann med jord. Husmenn som berre disponerte hustomta og lite ut over det, vert då kalla husmann utan jord. Festeavtalen som lenge var munnleg, men seinare vart kravd skriftfest og jamvel tinglyst, inneheldt nærmare detaljar om kva rettar husmannen hadde og kva plikter han måtte oppfylle i høve til bonden (eventuelt jordeigaren). Desse vilkåra var ikkje like frå plass til plass og mellom landsdelane. Einar Hovdhaugen skisserer karakteristiske trekk innan kvar landsdel og tek med klart fleire nyansar enn den enkle todelinga som ofte vert knytt til husmannsvesenet i vanlege oversynsverk: nemleg at arbeidshusmann var det vanlege på Austlandet og delvis i Trøndelag, medan byggselhusmannen er det var det vanlege på Vestlandet og i Nord-Noreg.⁴⁴ Røyndomen var langt meir samansett enn dette. Arbeidshusmannen skulle då vere ein husmann der plassleiga i hovudsak vart betalt med arbeid, medan byggselhusmannen betalte plassleige i hovudsak med pengar. Dette skiljet vert då basert heilt ut på kva som stod i kontrakten, endå husmannen i og for seg i røynda kan ha kjøpt seg fri arbeidsplikta med pengar, eller heller omvendt: byggselhusmannen kan ha gjort arbeid for gardbrukaren i staden for å legge ut pengar. Langs kysten finn vi døme på at handelsborgarar slo under seg mange gardar særleg i gode fiskeridistrikta. Jordeigaren hevda så førstekjøpsrett til fisk og andre naturalia som både leiglendingane og husmennene under garden produserte. Dette galdt til dømes husmennene under garden Bremsnes på Nordmøre som Kristiansunds-borgarane William Leslie og seinare Nicolai H. Knudtzon eigde i 1790-åra.⁴⁵ Dette kom ved sida av dei vanlege avgifta og likna pålegg som reine fiskeværbsbuarar hadde.

Ved sida av den årlege leiga for plassen i pengar eller arbeid var det også vanleg at husmennene betalte ei innfestingsavgift, ei eingongsavgift i samband med at avtalen vart gjort. Hovdhaugen synest å meine at denne avgifta helst var knytt til byggselhusmannen og nærmast var omvendt proporsjonal med storleiken på dei årlege avgiftene.⁴⁶ Dette er likevel truleg vanskeleg å dokumentere. Innfestingsavgifta er berre sporadisk nemnt i dei eldre kontraktane. At ho ikkje er

⁴⁴ Hovdhaugen 1975.

⁴⁵ Døssland 1990: 386.

⁴⁶ Hovdhaugen 1975: 58.

nemnt tyder slett ikkje nødvendigvis at husmannen slapp unna. På Nordmøre er det kjent ei noko ekstrem form for innfestingsavgift. Særleg i Surnadalen var det mange gjeldbundne bønder som berga seg ved det dei kalla å ”selje” husmannsplassar. Dette var ikkje eit reelt sal, men dei let ein husmann få disponere plassen fritt på livstid på grunnlag av ei eingongsavgift i storleiksorden 100 riksdalar. Dette vart også kalla fribygsel, og det gav god forteneste for bonden dersom husmannen og kona hans ikkje levde for lenge.⁴⁷

Hos Hovdhaugen finn vi skissert ein heil del omgrep knytt til husmannskontraktane. Eit viktig skilje er livstidsfeste, kontra feste på oppseiing. Dette galldt kor vidt husmannen skulle ha rett til å sitje på plassen på si og kona si livstid dersom han fylte krava i kontrakten, eller om han kunne seiast opp når husbonden fann det for godt. I tillegg er nemnt feste på åremål, altså at avtaletida galldt berre for eit avgrensa tidsrom, og måtte fornyast etter dette. Husmannslova frå 1851 slo fast at husmennene skulle ha skriven kontrakt og livstidsfeste. Ved dette gjeninnførte ein kravet som hadde lege inne i den omstridde husmannsforordninga av 1750. Forordninga frå 1750 er rekna som venlegsinna i høve til husmennene. Det låg også under ei frykt for at restriksjonane i lovverket mot å dele opp gardane saman med den vilkårlege behandlinga husmennene fekk, kunne vere med på å bremse folketalsutviklinga. Ikkje minst viktig var det å sikre soldatrekrutteringa. Svært mange av dei innrullerte soldatane kom frå husmannsplassar. I neste omgang gav likevel styresmaktene etter for bondepresset og ei ny forordning kom i stand i 1752. Her skilde ein mellom husmannen som sjølv rydda plassen i utmarka, og husmannen som fekk disponere eit jordstykke i innmarka eller i alle høve fekk disponere jord som andre hadde dyrka før han. Nyrydningsmannen i utmarka skulle vere trygg på å nyte godt av arbeidsinnsatsen sin og skulle såleis ha skriftleg kontrakt og livstidsfeste. For dei andre vart det no verken kravd livstidsfeste eller kontrakt. I ei forordning frå 1792 prøvde ein å slå fast at skriftleg kontrakt skulle vere det normale. Mangla skriftleg kontrakt, skulle husmannen ha rett på livstidsfeste. Det er tvilsamt om dette vart respektert fullt ut, fleire tvistemål som hamna i rettsvesenet vitnar om det motsette. Det florerte ikkje med skrivne kontraktar på husmannsplassar i pantebøkene før ut på 1800-talet.

Eit anna viktig skilje dreier seg om kor bunden husmannen var. Med fast arbeidsplikt avgrensa til visse tider på året, stod han relativt fritt til å skaffe anna utkome resten av året, til og med reise bort og til dømes delta på større sesongfiske, arbeid ved bergverka eller liknande. Med arbeid på tilseiing, måtte husmannen vere for handa når som helst husbonden fann for godt å tilkalle han. Dette innebar nesten eit ”stavnsbånd” på husmannen. Arbeidsplikta var ikkje alltid avgrensa berre til husmannen sjølv heller, slik Hovdhaugen nemner. Husmannskona og -borna kunne også ha pliktarbeid på garden. Dette har Anna Tranberg konkretisert nærmare som eit temmeleg vanleg fenomen på Hedmark. Det var to typar arbeid som husmannsfamiliane utførte på garden. Det eine var daglønsarbeid og det andre akkordarbeid. Det siste er det vanskeleg å måle omfanget av, men daglønsarbeidet for husmennene under garden Samsal på Hedmark auka klart i omfang frå tida rundt 1800 til 1830-åra. Daglønsarbeidet for gjennomsnittshusmannen der var i 1830-åra 180 dagar i året, medan gjennomsnittet for husmannskvinna var 78 dagar. I tillegg kom altså akkordarbeidet og arbeid utført av husmannsbarna. Husmannskvinnene stod for mykje tekstilarbeid for

⁴⁷ Døssland 1990: 353–354.

garden. Men dette var eit storgardsområde både med sterkt marknadsretta økonomisk sektor og sterkt trong for arbeidskraft på gardane.⁴⁸

4.2 Kor gamalt er husmannsvesenet?

Husmannsvesenet har eit uklart opphav. Alt i høgsmellomalderen er ordet husmann nemnt, men det må helst ha betydd ein som budde i huset hos ein annan. Kanskje kan heller omgrepene ”stokklending” minne meir om den seinare husmannsgruppa. Dette var i alle høve folk som dyrka mindre jordstykke og som høyrd til lågstatusgruppene i samfunnet. ”Kotkarar” dreier seg om folk som budde i eit lite hus eller hytte, men om dei dyrka jord, er meir uklart.

Det husmannsomgrepet vi møter i kjeldene på 1500- og 1600-talet dreier seg likevel ikkje nødvendigvis om menneske med lægre sosial status. Dels er omgrepene brukt generelt om dei som ikkje utan vidare kunne kallast bønder, dels er det brukt om rydningsmenn. I det førstnemnde tilfellet kan det vere ein medbrukskar på eit gardsbruk. Det kan hende at det dreiar seg om son og far der den eine er ført som gardbrukskar eller oppsitjar på garden og den andre som husmann. Rimelegvis var det i alle fall ofte nær slekt mellom dei to. Presten kunne ha interesse av å ta i bruk husmannsomgrepet på denne måten, fordi husmenn skulle svare ei hevdvunnen gáve og avgift til han. Det var såleis presten i Hjørundfjord på Sunnmøre som i 1704 forlanga at anten Stein Olsen på garden Standal eller svigerfar hans skulle førast som husmann endå svigerfaren i røynda hadde fått ei kåroldning. Men Stein Olsen fekk denne gongen medhald av stiftamtmannen i at prestens krav ikkje var rettkome.⁴⁹ Dette tyder at husmannsomgrepet på denne tida også kan løyne ulike former for føderådsordningar. Husmannen kan altså i røynda vere ein slags kårmann.

Det er også vanleg at strandsitjarar i til dømes fiskevær står oppførte som husmenn, endå dei ikkje har ein fast husbonde over seg og utan at det ligg anna enn ei hustomt og ikkje jord til huset dei bur i. Truleg er også mange av ”husmennene” og ”huskonene” i kjeldene det same som seinare vart kalla ”innerstar”, altså folk med eller utan eigen familie som budde til leige t.d. hos ein bonde, men som likevel hadde eige kosthald. Desse livnærte seg gjerne av tilfeldig arbeid eller handverk, kvinnene spesielt av spinning og veying. I manntala frå 1666 og 1701 viser det seg at husmennene ofte er meir tilårskomne folk. I husmannsmanntala som futen førte i samband med rekneskapa sine, var det berre med personar som ikkje sat på matrikulert jord, men som likevel dreiv handverk, krohald eller liknande verksemnd som gav grunnlag for å betale skatt. Men det fanst utan tvil alt på 1600-talet også røynlege husmenn i den forstand som ein også seinare knytte til husmannsomgrepet. Tidlegast og i størst omfang har dette røynlege husmannsvesenet vakse fram på Austlandet, særleg i storgardsområdet og i området der trelastnæring og bergverksdrift har gjeve ekstra inntekt og sysselsetjing. Også i delar av Rogaland og Sunnhordland fanst det røynlege husmenn alt i 1620-åra. Kanskje henta dei mykje inntekter frå den tidlege trelastverksemnda der.⁵⁰

⁴⁸ Tranberg 1990.

⁴⁹ Døssland 1990: 160.

⁵⁰ Næss 2002.

Ved kysten på Sunnmøre gav dei gode fiska grunnlag for eit tidleg husmannsvesen før midten av 1700-talet. Plassefolket her hadde ikkje særleg sterke band til gardbrukarane. Dette var likevel ustabile busetjingseiningar, og mange av desse plassane vart nedlagde då fiska seinare vart meir ustabile.⁵¹ Dette viser også eit typisk trekk ved husmannsplassane. Dei har eit temporært preg, husmannsfolket er fleksibelt, stadig på jakt etter alternative levevegar.

I 1706 gjev lensmannen i Dale skipreide på Sunnmøre oversikt over alle dei som gjekk under sekkeomgrepet ”husmenn” i hans distrikt. Der var 2 som hadde borgarskap (dreiv borgarleg næring, 2 som dreiv handel utan borgarbrev (strandsitjarar), 6 husmenn som brukte plass, 13 som åtte berre eit lite hus utan plass, 4 husmenn utan eige hus og plass og som var friske, 18 av same slaget som var utarma, 4 som var vanføre og ikkje åtte noko, og endå nemner han 12 som ikkje hadde hus. Desse siste gruppene utan eigen plass og hus var nok anten kårfolk, leigebuarar på gardar eller husmannsplassar (innerstar) eller fattige stakkarar som vart sende frå gard til gard.⁵² Det finst tilleggsopplysningar om 201 husmenn på Sunnmøre i manntalet 1701. Ut frå dette kan 141 kallast innerstar eller kanskje kårfolk, 47 fattigfolk av ulike slag og berre 13 husmenn med jord. Ein kan finne liknande opplysningar frå andre kantar av landet.⁵³

Matrikkelførarbeidet 1723 nemner husmannsplassar som tilliggande herligheit til gardsbruka, noko bøndene hadde inntekt og fordel av, og som dermed var med i totalvurderinga av garden. Det same finn vi også seinare i liknande arbeid, som til dømes i samband med jordavgifta 1802 og det større matrikkelarbeidet i 1860-åra. I 1723 er det nok i hovudsak husmannsplassar med jord som er komne med, og vi må rekne tala som kjem fram, som eit absolutt minimum. Like fullt er materialet frå 1723 brukt som talgrunnlag for husmannsplassar med jord på landsplan både av Simen Skappel og seinare historikarar, og det kjem fram ein kraftig vekst i tal på husmenn med jord mellom 1723 og 1801.⁵⁴

Fram mot midten av 1700-talet må styresmaktene ha funne grunn til å rydde opp og klassifisere på ein meir eintydig måte. Dette kjem tydeleg fram i husmannslovene 1750 og 1752. Det speglar seg av også i folketeljinga 1801, endå vi også der kan finne eit visst innslag av slike som i reit juridisk forstand ikkje er rett å kalle husmenn. Arnfinn Kjelland har såleis funne ei ikkje uvesentleg gruppe jordbrukarar i Lesja i siste halvdelen av 1700-talet som realhistorisk ikkje kan kallast husmenn fordi dei for ein del var sjølveigarar og dessutan var registrerte med skyld i matrikkelen. Likevel må dei i folks auge og i alle fall av folketeljarane i 1801 ha vore vurderte som husmenn. I tillegg ser det ut til at ein mange av dei som står som husmenn utan jord er kårfolk.⁵⁵

4.3 Årsaker til framvekst av husmannsvesen

Det er likevel ikkje tvil om at det røynde husmannsvesenet var i ekspansjon i andre halvdelen av 1700-talet. Vi får eit kraftigare innslag av yngre familiar på plassane, samstundes er dei ueins-

⁵¹ Døssland 1998-2.

⁵² Døssland 1990: 161–62.


⁵³ Døssland 1998: 98.

⁵⁴ Skappel 1922.

⁵⁵ Kjelland 1996.

arta gruppene som kårfolk, diverse innerstar og fattige, trass i det som er sagt ovanfor, i hovudsak sorterte bort frå husmannsgruppa av folketeljarane. Dette viser tydeleg att på den forandra aldersfordeling innan husmannsgruppa, om vi samanliknar manntalet 1701 og folketeljinga hundre år etterpå (sjå figur frå Etnesoga nedanfor).⁵⁶

Figur 3: Yrkesgruppene i Etne i 1701 og 1801: aldersfordelinga for brukarane og husmennene (i 1801 også kårfolka).



Vi ser at når kårfolka i 1801 i hovudsak var sorterte bort frå husmannsgruppa, vart tyngda innanfor husmannsgruppa yngre enn i 1701. Det kan sjølv sagt vere andre grunnar i tillegg som gjer at husmennene i 1801 er yngre enn før.


Dyrvik drøftar i dei to artiklane både geografisk mønster og mogelege årsaker til framveksten av husmannsvesenet. Einar Hovdhaugen sine grafiske figurar på grunnlag av Simen Skappels tal på fylkesnivå viser noko av situasjonen lengre bak i tid enn det som kjem fram i tabells form hos Dyrvik.⁵⁷ Men vi må understreke at Hovdhaugen ikkje har tal frå 1865 og 1875. For store delar av landet nådde truleg husmannsvesenet toppunktet seinare enn i 1855 slik som det kan sjå ut av figuren til Hovdhaugen. Men figurane viser klart den tidlegare utfloatinga av talet på husmenn i

⁵⁶ Dyrvik 1972: 90.

⁵⁷ Dyrvik 1988: 96.


høve til bønder på store delar av Austlandet som Dyrvik også er inne på, medan det er klar relativ vekst framleis på Vestlandet og i sær i Trøndelag (sjå figur om utviklinga innan husmannsvesenet 1723–1917 frå Hovdhaugen nedanfor).⁵⁸

Figur 4: Talet på husmenn med jord fylkesvis frå 1723 til 1917.



⁵⁸ Hovdhaugen 1985: 17–18.

Figur 5: Høvetal mellom husmenn med jord og bønder (husmenn i prosent av bønder) frå 1723 til 1917 i kvart fylke.



Dei fleste historikarar meiner at folketalsveksten er den viktigaste årsaka til framveksten av husmannsvesenet. Det vart problematisk å stette trøngen for nye gardslevebrød, dermed kom løysinga med andrerangs levebrød i sær for dei yngre sønene frå gardane. Skilnaden landsdelane imellom kom av at folketalet i Kyst-Noreg auka svært lite mellom ca. 1660 og 1750, medan det auka jamt på Austlandet. Denne situasjonen endra seg kring 1750 då den sjølvregulerande mekanismen i Kyst-Noreg rakna. Det hadde også vore ein god del utflytting frå Kyst-Noreg fram til denne tida. Dette forklarar likevel ikkje heilt ut kvifor dei i såpass sterk grad løyste levebrødsproblema på Austlandet ved å opprette andrerangs levebrød, når dei nettopp der hadde såpass store gardar at ein skulle tru at mange av dei lett kunne vore delte i likeverdige bruk.

Sølvi Sogner har lagt vekt på at lovverket var med på å bestemme mønsteret i framveksten av husmannsvesenet.⁵⁹ Dette nemner ikkje Dyrvik i artiklane sine om husmannsvesenet, men han trekker noko av det fram som tilleggsmoment i den nyaste læreboka i norsk historie.⁶⁰ Sølvi Sogner tenkjer seg at det i bondesamfunnet fanst eit ønskje om å auke talet på levebrød, i hovudsak ved å opprette nye gardsbruk. Lovgivinga hindra likevel lenge dette. Styresmaktene ønskte nemleg å hindre at gardsbruken vart for små. Rett nok opna skattebestemmingane i 1670 for eit husmannsvesen, ved å presisere at skylda på garden ikkje skulle aukast sjølv om gardbrukaren

⁵⁹ Sogner 1990: 28–33.

⁶⁰ Dyrvik 1998. Dyrvik 1990. Dyrvik 1999: 133–35.

sette ned husmenn. På den andre sida sette matrikkelen i 1660-åra bremse på garddelingar både når det galdt leiglendingar og sjølveigarar. Dette vart ikkje endra før i 1764 for leiglendingar og i 1769 for sjølveigarar (no hadde ikkje åsetearvingen rett på meir enn halve garden, dersom garden var stor nok til å fø fleire husstandar). Følgjene av lovgivinga var i første omgang at levebrød fram til 1760-åra måtte komme som husmannsplassar, og det gjorde dei på Austlandet der bøndene tidleg var sjølveigarar og kunne bestemme dette sjølve. På Vestlandet og i Nord-Noreg var det derimot langt fleire bønder som var leiglendingar, og jordeigarane var ikkje utan vidare positive til å la leiglendingane få setje ned husmenn. Etter 1770 var bøndene også der i større grad sjølveigarar og stod no fritt til å setje ned husmenn. Men dette var ei ny ordning på desse kantar av landet, og difor valde dei likevel i første omgang å dele gardane no når lova tillet det. På Austlandet heldt ein derimot fram med å i hovudsak løyse levebrødsproblematikken med å setje ned husmenn.

Det verkar som Sogner tenkjer seg at manglande høve til å etablere nye levebrød på Vestlandet medverka til den svært moderate folketalsveksten der fram til midten av 1700-talet, i motsetning til Austlandet der folketalet auka jamt. Denne teorien har Sogner sjølv dempa ned noko i ettertid, i alle fall når det gjeld skilnaden på sjølveigarar og leiglendingar.⁶¹ Det kan også innvendast at talet på gardsbruk på landsplan auka like mykje årleg i den perioden då lovverket eigentleg skulle verke hindrande, som mot slutten av 1700-talet då garddeling altså var lovleg.⁶² Det er ikkje nødvendigvis samsvar mellom lov og røyndom. Likevel kan lovverket ha vore med å dempe bruksdelinga og opne rom for husmannsvesenet. Ei anna innvending, som Ståle Dyrvik dokumenterer bra, er at det ikkje finst klar samanheng mellom graden av sjølveige mellom gardbrukarar og omfang av husmannsvesen.

Utviklinga av husmannsvesenet og avviklinga mot slutten av 1800-talet og inn på 1900-talet er ikkje tema for dette notatet. Men t.d. Hovdhaugen drøftar også dette.

4.4 Kjelder om husmannsvesen

Mykje av kjeldene omkring det eldre husmannsvesenet er alt nemnde: manntal, enkelte skatteleflister som til dømes listene ved ekstraskatten 1762, og seinare folketeljinga 1801. I samband med husmannsforordningane 1750 og 1752 og fattigforordninga i dei ulike stifta finst det mykje korrespondanse om husmannsvesenet og om andre sosiale undergrupper i amtmannsarkiva og som rapportar vidare derifrå til sentrale styresmakter. I skifteprotokollar finn vi skifte også etter mange husmannsfolk, sjølv om dei truleg er underrepresenterte i dette materialet fordi mange av dei hadde så små verdiar at skifte ikkje var påkrevd. Likevel fortel husmannsskifte ein god del om økonomi og levekår på plassane. Husmannskontraktar finn vi enkelte av frå rundt 1750 og utetter i pantebøkene som sorenskrivaren førte. Dette materialet blir mykje meir omfattande og fullstendig etter kvart som påleggja om skriftlege kontraktar vart tekne meir på alvor. Nokre originalar til desse kontraktane finst rundt om i private heimar. Husmannsminne som Norsk folkemuseum samla inn frå 1950-åra, fortel om forhold på plassane frå 1870-åra og utetter.

⁶¹ Sogner 1996: 191–94.

⁶² Sjå tabell over gardbrukarar i landsdelane i Dyrvik 1979: 186.

5. Fattige

5.1 Årsaker til auka fattigdomsproblem

Fattigfolk av ulike slag var sjølvsagt langt frå noko ny gruppe i lokalsamfunnet. Men påstanden som ligg under hos Dørum og andre synest å vere at gruppa vart meir talrik utetter 1700-talet og vidare fram til etter midten av 1800-talet.⁶³

Med dette som bakteppe er Dørum oppteken av bakgrunnen til fattiglemene. Det er tre karakteristiske trekk som dels overlappar einannan. For det første: dei har bakgrunn frå husmannsplassar eller frå andre sosiale lågstatusgrupper. Dette er også i samsvar med det mange embetsmenn i samtidia hevda. Dette innebar dermed at di meir husmannsvesenet auka, di større vart fattigdomsproblem. Dette hadde igjen samanheng med at husmannsgruppa oftast ikkje hadde noko å falle tilbake på, ingen sikring, dersom dei vart arbeidsuføre. Særleg synest kvinnene å ha vore ille ute. Det andre karakteristiske trekket dreier seg meir generelt om aldring. Dei fleste fattiglemmer, særleg dei som kom på legd, var eldre personar. Kvinnene var klart i fleirtal – dels fordi dei gjennomsnittleg nådde høgare alder enn mennene, dels fordi dei hadde dårlegare sosial sikring enn mennene. Kvinneoverskotet gjorde at fleire av dei vart gåande varig ugifte, gjerne som tenestekvinner, eller dei vart sitjande som enker. Etter som fleire nådde høg alder, særleg ut på 1800-talet var også dette med på å auke talet på fattige. Eit tredje karakteristisk trekk, som Dørum legg stor vekt på, er kriminaliseringa av einslege mødrer. Stigmatiseringa og eineansvaret for barnet hindra dei i å sikre fast teneste eller annan inntekt. Dei vart også taparar på ekteskapsmarknaden.

Ei fjerde gruppe fattige er dei såkalla uverdig trengande, omstreifarar gjerne i større følgje. Denne gruppa synest å ha vore særleg stor i kjølvatnet av dei store og utarmande krigane, særleg Den store nordiske krigen 1709–20.

Poenget med kvinners problematiske stilling i alderdommen kan også underbyggjast med demografisk analyse, slik Ståle Dyrvik har gjort for Etne i Sunnhordland.⁶⁴ For det første finn han at ein mykje mindre del av kvinner enn menn sit i den relativt sikre posisjonen som hovudperson i hushaldet når dei når høg alder. For det andre er langt fleire eldre kvinner enn menn i den usikre posisjonen som slektning i hushaldet. I tillegg kjem svært mange kvinner i den uspesifiserte kategorien ”anna”, medan nesten ingen menn gjer det. Går ein vidare til livsgrunnlaget, viser det seg at tyngda av menn over 60 år endå sit som hovudperson på gard eller husmannsplass, medan berre vel ein tredel av kvinnene gjer det. Nokre kvinner er framleis rubriserte som lønsarbeidarar. Dette gjeld svært få menn. Ved kårordning kjem dei to kjønna likt ut, men den avgjerande skilnaden finn vi når vi kjem til fattige. Nesten ein tredel av dei eldre kvinnene er rubriserte som fattige i ein eller annan forstand i folketeljinga, medan det gjeld svært liten del av mennene. Her får vi også nærmere signal om kva som ligg i den uspesifiserte gruppa ”anna” i hushaldsposisjon

⁶³ Dørum 1995.

⁶⁴ Dyrvik 1985.

nemnt ovanfor. Det er ikkje nok å forklare skilnaden med at fleire kvinner enn menn nådde høg alder. Kvinnene har hatt ein klart svakare posisjon til å sikre alderdommen sin enn mennene har hatt. Etne er ikkje unikt når det gjeld denne kjønnsskilnaden. Noko likande kan ein finne i Nord- og Midhordland.⁶⁵

Tabell 5: Kvinners og menns hushaldsposisjon i alderdommen (over 60 år) i Etne 1801. Prosentvis fordeling (etter Dyrvik 1985).

Hushaldskategori	Kvinner	Menn
Hovudperson	40	89
Tenar	0	0
Slektning	37	9
Anna	23	2
SUM	100	100

Tabell 6: Kvinners og menns økonomiske livsgrunnlag i alderdommen (over 60 år) i Etne 1801. Prosentvis fordeling (etter Dyrvik 1985).

Livsgrunnlag	Kvinner	Menn
Gard/husmannsplass	39	77
Lønsarbeid	13	4
Kår	16	17
Fattighjelp	32	2
SUM	100	100

Vi kan nok føye til at den intensiverte kampen om levebrød og den sosiale differensieringa fram mot midten av 1800-talet synest å ha skapt fleire taparar som hamna i fattigdom. I tillegg kom aukande mobilitet som nok også var med på lausrive menneske frå familietilknytinga og den omsorga dei kunne fått der.⁶⁶ Likevel er det lenge svært vanskeleg å talfeste heilt storleiken på gruppa av fattige. Lettast er det å registrere talet på legdslemer, og til dels talet på fattigbarn som vart sette til oppføstring. Talet på dei som fekk såkalla temporær fattighjelp, kunne vere vekslande frå år til år. Dessutan er det gjerne berre hovudpersonen som er nemnt i familiar som fekk støtte. Fattigstatistikken er såleis lite å bygge på før etter midten av 1800-talet. Talet på fattige i folketeljingane er, som Dørsum poengterer, opplagt minimumstal.

Dersom ein ser for seg at talet på fattige først og fremst auka i trengselstider med krig, sjukdom og hardt skatte- og avgiftspress, verkar det derimot underleg at problemet skulle vere aukande gjennom den lange fredstida på 1700-talet då dei fleste meiner at skattepresset var nokså moderat. Vi må difor hugse at vi på ingen måte har oversikt over omfanget av problemet under dei mange krigane og den beinharde skatteopptringane på 1600-talet og fram til 1720. Men fleire

⁶⁵ Døssland 1998: 193.

⁶⁶ Nordstrand 1976: 10–11.

embetsmannsutsegner fortel om store tiggarfølgje og fattige som svalt i hel på vegane. Enkelt-eksempla er mange, men vi kan ikkje talfeste dei.

5.2 Etablering av offentleg fattigstell

Det er vidare rimeleg å tenkje seg at det i alle fall delvis var eit aukande fattigdomsproblem som fekk styresmaktene til å presse fram ei meir organisert fattigomsorg. At dette skjedde først i det sosialt mest lagdelte området av landet, Austlandet (Akershus stift), understrekar berre dette poenget. I Bergen stift vart offentlege fattigordning etablert i 1755, i Stavanger stift (Rogaland og Agder-fylka) i 1786 og i Trondheim stift i 1789. Bakgrunnen for fattigforordningane var likevel likså mykje trong for ryddigkeit og orden og å sikre bøndene stabil arbeidskraft ved å hindre lausgjengeri og tigging. Her kom også tenestelova av 1754 som eit supplement. Langt på veg var det også slik at dei styrande, særleg embetsmenn med pietistiske sympatiar, vurderte fattigdom i seg sjølv som demoralisende. Amtmannen for Romsdals amt hevda såleis i 1733 at tenestefolk som var oppvaksne i fattigheimar og som hadde livnært seg ved tigging som born, var ”uduelige, unøttige, uden ambitioner, ulydige og ustadige i deres tjenester og gemytter”.⁶⁷ Dette hindrar ikkje at det mange stader fanst ordningar med fattiglegder også før forordningane, særleg var det vanleg med fattigbøsser i kyrkjene. Presten og medhjelparane delte dei innsamla pengane mellom verdige fattige ein eller to gonger i året. Folk som sjølve uforskyldt hadde hamna i fattigdom, kunne søke amtmannen om løyve til å tigge og såleis få utskrive eit tiggarpass. Dette var gjerne eit tidsavgrensa løyve. Dei kunne også søke om løyve til å setje såkalla ”bekken” ved kyrkjedøra for å få godvillige pengegåver av soknefolket. Den delen av fattigordningane som skulle hindre at framande tiggarar kom til bygda og få slutt på lausgjengeriet, var kanskje den som fungerte därlegast. Det viste seg dei fleste stader nesten umogleg å få til stabile ordningar med bygdevektarar som hadde som hovudoppgåve å spore opp og melde eller jage bort omstreifarar og andre lausgjengarar. Bygdevektaren skulle også ha ansvaret for å setje folk som var dømde til det i gapestokk. Vervet vart rett og slett sett på som vanerande i bygdesamfunnet, dessutan var det därleg løna.⁶⁸

Etter at krig og militærvesen lenge hadde topprioritet for styresmaktene, vart merksemda retta mykje meir mot økonomi og sosiale problem i bondesamfunnet frå 1730-åra og utetter. Dette synest også å ha vore ekstra naudsynt på bakgrunn av ekstra kaotiske tilhøve og auka sosiale problem i tida under og etter Den stor nordiske krigen.

Sjølve utbygginga av eit offentleg fattigvesen synleggjorde gruppa av fattige for styresmaktene i samtidia og dermed også i kjeldene våre. Ei klar forbetring og opprydding i fattigvesenet rundt om kring i bygdene etter 1815 kan også ha skapt ein tilsynelatande auke i talet på fattige. Særleg etter at fleire kommunar innførte fattigskatt også på bønder ved sida av fattiglegdspliktene. Presten i Os i Midhordland fortel såleis at før 1829 vart det ikkje gjeve støtte frå fattikkassen til ”temporær”, mellombels, trengande. Dei som før den tid kom i ”øyeblickelig trang”, måtte tigge. Og bygdefolket kunne vere relativt rause når det galde tiggarar frå eige sokn. Eivindvik-presten

⁶⁷ Døssland 1990: 236.

⁶⁸ Døssland 1998: 160.

(Ytre Sogn) fann at talet på fattige var auka også fordi fattigvesenet fann utvegar til å understøtte fleire.⁶⁹

5.3 *Kjelder om fattige*

Her er det ikkje naudsynt å gå i detalj. Dei viktigast kjeldene når det gjeld fattige på 1700-talet er nemnde av Knut Dørum.⁷⁰ Det er likevel grunn til å supplere med rapportar som fattigkommisionane skulle sende inn til overfattigkommisionane. Desse finst ved Statsarkiva. Dette er gjerne delvis utdrag frå dei ordinære fattigportokollane som for ein del finst i prestearkiva, men som ofte er bortkomne. Utetter 1800-talet vert det meir pålitelege oppgåver over fattige i samband med folketeljingane og frå 1860-åra eigne fattigstatistikkar. Elles kjem det fram ein del om fattige i amtmannens femårmeldingar med grunnlagsmateriale. Spesielt må nemnast svara i 1840 frå alle fattigkommisionane rundt omkring i landet på ei heil rekke detaljerte spørsmål omkring fattigordningane. Desse finst i ein spesiell pakkeserie på Riksarkivet.

⁶⁹ Døssland i Døssland og Johansen 1999: 81.

⁷⁰ Dørum 1995.

6. Litteratur

Dyrvik, Ståle. 1972. *Etnesoga bd. II.*

Dyrvik, Ståle. 1978. *Norges historie. Bd 8, Den lange fredstiden 1720–1784.*

Dyrvik, Ståle. 1979. Dei sosiale tilhøva i bondesamfunnet. I: Ståle Dyrvik m.fl.: *Norsk økonomisk historie. Band 1 1500–1850*: 184–99.

Dyrvik, Ståle. 1984. Hushaldsutviklinga i Norge 1800–1920. I: *Rapport nr. XIX Nordiske historikerkongress*. Odense: 33–38.

Dyrvik, Ståle. 1985.: Folketeljingar og kyrkjebøker som kvinnehistoriske kjelder. I: Anna Tranberg og Harald Winge (red.): *Kvinnekår i det gamle samfunn ca. 1500–1850*: 119–33.

Dyrvik, Ståle. 1988. Husmannsvesenet i Norge – regionale mønster. I: *Huse og husmænd i fortid, nutid og fremtid*. Odense: 93–105.

Dyrvik, Ståle. 1990. Husmannsvesenet i Noreg. I: *Jord og gjerning. Årbok for norsk landbruksmuseum*: 51–61.

Dyrvik, Ståle. 1999. *Norsk historie 1625–1814*.

Dørum, Knut. 1995. Fattigdommen på landsbygda på 1700-tallet. *Heimen* 2: 73–83.

Dørum, Knut. 2002. Eiendomsrett og leilendingsrett i Norge 1600–1800. *Heimen* 2: 95–108.

Døssland, Atle. 1990. *Med lengt mot havet. Fylkeshistorie for Møre og Romsdal bd 1*.

Døssland, Atle. 1998. *Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene. Band 3. Frå 1650 til 1800*.

Døssland, Atle. 1998-2. Husmannsvesenet på Sunnmøre. I: *Tidsskrift for Sunnmøre historielag*: 27–35.

Døssland, Atle og Johansen, Karl Egil. 1999. *Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene. bd. 4. Frå 1800–1920*.

Gjerdåker, Brynjulv. 1977. Om tenrarar i Lofoten 1754–1818. *Heimen* 4: 27–38.

Helland-Hansen, Kjeld. 1964. Kårskipnaden. *Heimen* 1: 182–95.

Helland-Hansen, Kjeld. 1997. *Føderådsordningens historie i Norge*. Riksarkivarens skriftserie 3 (CD-rom).

Homlong, Beate. 1997. Demografiske og økonomiske føresetnader for kårskipnaden på 1700- og 1800-talet. Ein studie frå Etne. *Heimen* 3: 163–74.

Homlong, Beate. 1999. "... det fornødne Liffs Ophold ...". *Kåkkontraktar frå Etne 1756–1917*. Lokalhistorisk Stiftelse.

Hovdhaugen, Einar. 1975. *Husmannstida*.

Hovdhaugen, Einar. 1984. *På kår*.

Kjelland, Arnfinn. 1996. Husmann eller småbrukar kring 1801? Litt om eigedomsstatusen til "husmannsplassane" i Lesja i siste del av 1700-talet. I: *Bønder, jord og rettigheter. Rapport fra agrarhistorisk symposium, Trondheim*: 63–77.

Kong Christian den femtes norske lov, 15de april 1687, med kongeloven 1665. Oslo 1982.

Myking, John Ragnar. 1996. Når leigar rår? Vilkåra til norske leiglendingar 1600–1800. I: Øyvind Bjørnson, Egil Nysæter og Arve Kjell Uthaug (red.) *Til debatt. Innlegg ved Norske historiedagar 1996*: 327–38.

Nordstrand, Leiv. 1976. *Mellom to fattiglover: Norsk fattigvesen 1863–1900*. Hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Bergen.

Næss, Hans Eyvind: The Crofters as a Social Group in South-Western Norway: the Early Phase. I: *Pathways of the Past. Essays in Honour of Sølv Søgner on her 70th Anniversary 15. March 2002*: 125–38.

Oldervoll, Jan. 1980. Det store oppbrotet. I: Sivert Langholm og Francis Sejersted (red.): *Vandringer. Festskrift til Ingrid Semmingsen på 70-årsdagen*: 91–107.

Skappel, Simon. 1922. *Om husmandsvæsenet i Norge. Dets oprindelse og utvikling*.

Slettan, Dagfinn. 1978. *Dreng og taus i Verdal*.

Søgner, Sølv. 1990. *Far sjøl i stua og familien hans. Trekk fra norsk familiehistorie før og nå*.

Søgner, Sølv. 1996. *Norges historie bd. 6. Krig og fred 1660–1780*.

Søgner, Sølv. 1997. Ut å tjene. I: Kjeldstadli, Myhre og Pryser (red.): *Valg og vitenskap. Festskrift til Sivert Langholm*: 244–56.

Tranberg, Anna: 1990. "Ledighed taales ikke". Plassefamilien på gardsarbeid. *Historisk tidsskrift* 4: 512–36.

Tranberg, Anna. 1993. *Ringsakerboka III. Korn og klasseskille 1660–1840*.

Vinje, Aasmund Olavsson. 1860. *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*. Utgåve ved Reidar Djupedal 1969.